

Høring Vg2 salg og reiseliv

Status

Innsend til Utdanningsdirektoratet.

Innsendt og stadfesta av instansen via e-post

Innsend av

Petter Bødtker Henriksen

Innsend dato

12. november 2020

Hvilken skole jobber du på?

Åsane vidaregåande skule

Målgruppe

Lærer/lektor/skoleansatt

Om faga

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg2 sal og reiseliv handlar om å utvikle kommersiell forståing gjennom marknadsføring, samhandling, lønnssemdsanalyse og organisasjonsutvikling. Gjennom programfaga skal elevane utforske arbeidsformer og teknologi for å byggje og vedlikehalde relasjonar. Programfaga handlar vidare om å tilpasse og skape reiselivs- og serviceopplevingar til ulike målgrupper og marknader. Vg2 sal og reiseliv handlar også om å utnytte lokale og nasjonale ressursar for å skape berekraftig meirverdi i samfunnet.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg2 sal og reiseliv skal bidra til at elevane møter kundar og kollegaer med respekt for identitet og kulturelt mangfald. Programfaga gir innblikk i sal og reiselivsnæring og bidrar til å byggje yrkesidentitet hos elevane. Faga bidrar også til skaparglede og innovasjon gjennom utforsking av moglegheiter, målgrupper og marknader. Programfaga skal vere med på å utvikle bevisstheita til elevane rundt etiske utfordringar innanfor sal og reiseliv.

Kjerneelement

Sals- og vertskapsrolla

Kjerneelementet sals- og vertskapsrolla handlar om å skape meirverdier i møtet mellom tilbydar og kunde eller gjest. Det handlar om å utvikle og tilpasse merkevarer og skape gode kundeopplevingar. Vidare handlar det om å setje saman transport, innkvartering, servering og attraksjonar til eit heilskapleg reiselivsprodukt tilpassa ønska og behova til kunden eller gjesten. Sals- og vertskapsrolla handlar vidare om å utforske ulike servicemetodar som kan bidra til lojalitet, gjensal og meirsal.

Drift, utvikling og lønnssemd

Kjerneelementet drift, utvikling og lønnssemd handlar om å sjå lønnssemd i samanheng med budsjettkontroll, prissettjingsstrategiar og reduksjon av svinn. Vidare handlar det om å sikre berekraft og meirverdi i verdikjeda gjennom å utnytte ressursane på ein innovativ og effektiv måte. Det handlar også om å følgje regelverk for helse, miljø og tryggleik.

Kommunikasjon og relasjonar

Kjerneelementet kommunikasjon og relasjonar handlar om å kommunisere med kundar, gjester og samarbeidsaktørar i aktuelle kanalar. Det handlar om å auke forståinga for ulike kulturar i samhandling med andre. Det handlar også om å hente inn og bruke kundedata for å tilpasse kommunikasjonen og oppfølginga av kundar og gjester.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I Vg2 sal og reiseliv handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å byggje mellommenneskelege relasjonar i møte med og i kommunikasjon mellom menneske. Gjennom å utforske samarbeidsformer,

nettverkssamarbeid og ulike typar kundekontakt blir det danna relasjonar som ligg til grunn for servicearbeidet. Det handlar vidare om å utvikle kunnskap, forståing og respekt for ulike kulturar og livssyn i servicearbeidet.

Berekraftig utvikling

I Vg2 sal og reiseliv handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å ta ansvarlege, etiske og miljøbevisste val i formidling og utvikling av varer og tenester. Vidare handlar det om å kunne gjere greie for avgjerdene som har blitt tatt gjennom heile verdikjeda, og vurdere desse i lys av ein berekraftig utvikling.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i Vg2 sal og reiseliv inneber å kunne kommunisere med kollegaer, kundar og gjester fra ulike kulturer og i ulike livssituasjonar. Dette inneber å tilpasse sitt eige språk til mottakaren, innhaldet og formålet og å lytte til og vise respekt for den som snakker. Vidare inneber det å kunne bruke relevante faguttrykk og sikre at informasjonen ikkje berre blir gitt, men også forstått av mottakaren.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i Vg2 sal og reiseliv inneber å kunne tilpasse tekstar til ulike formål, sjangrar og medium for å nå fram med ein budskap til kundar, gjester og andre mottakarar. Det inneber også å utveksle informasjon og vere kjeldekritisk.

Å kunne lese

Å kunne lese i Vg2 sal og reiseliv inneber å forstå, tolke og vurdere informasjon frå ulike kjelder, marknader og relevant lovverk. Det inneber vidare å kunne bruke innhald fra faglege tekstar inn i kommunikasjonen og samhandlingen med kollegaer, kundar og gjester. Vidare handlar dette om å vere kjeldekritisk i vurderinga av økonomiske, marknadsmessige og berekraftige forhold i reiselivsbransjen.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i Vg2 sal og reiseliv inneber å kunne hente inn, omarbeide, analysere og vurdere talmateriale og kunne presentere dette i relevante oppsett. Dette inneber å kunne utføre enkle valutaoverslag, priskalkulasjonar og økonomiske berekningar. Vidare inneber det å kunne lese og bruke budsjett og nøkkeltal for verksemda.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i Vg2 sal og reiseliv inneber å kunne hente inn, omarbeide, kommunisere og presentere informasjon gjennom bruk av digitale verktøy. Vidare inneber det å kunne bruke samhandlingsverktøy og ulike plattformer for å løyse oppgåver og samarbeide digitalt. Det inneber også å kunne følgje reglar og normer for nettbasert kommunikasjon, vere kjeldekritisk og vurdere etiske spørsmål knytte til personvern og opphavsrett.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering næring og utvikling (159 årstimar)

Kompetansemål etter næring og utvikling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utforske og kartleggje trendar, forretningsmodellar og samarbeidsformer i sal og reiseliv
- beskrive tilsetjingsrutinar og reflektere over forventningar til tilsette innanfor ulike sals- og reiselivsverksemdar
- presentere utfordringar i helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i ei verksemd og gjere greie for dei ulike rollene til medarbeidarane
- utforske ulike reiselivsdestinasjonar og vurdere korleis reiselivsverksemd påverkar berekraftig utvikling
- gjere greie for korleis berekraft blir tatt omsyn til i ei verdikjede og foreslå tiltak for å førebyggje svinn
- beskrive og følgje gjeldande regelverk for sals- og reiselivsbedrifter
- berekne pris på eit produkt og vurdere ulike former og strategiar for prissetjing
- anvende budsjett og rekneskap til å vurdere lønnsmda i verksemdar og presentere nøkkeltal
- drøfte kva krav og forventningar som blir stilte til eit likeverdig og inkluderande yrkesfellesskap, og beskrive kva plikter og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har i arbeidslivet

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utvikler kompetanse i næring og utvikling når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om korleis dei utviklar seg i næring og utvikling. Elevane skal få høve til å uttrykke kva dei opplever at dei får til, og til å reflektere over eiga faglege utvikling. Læraren skal rettleie eleven om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at eleven kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktavurdering

Standpunktarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i næring og utvikling når opplæringa i programfaget er avslutta. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis elevane viser at dei forstår, evna deira til refleksjon og kritisk tenking og korleis dei meistarar utfordringar og løyser oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Læraren skal setje karakter i næring og utvikling basert på kompetansen eleven viser gjennom å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere faglege oppgåver.

Kompetansemål og vurdering marknadsføring og innovasjon (159 årstimer)

Kompetansemål etter marknadsføring og innovasjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for innhald i eit heilskapleg reiselivsprodukt og forklare samanhengar mellom ulike aktørar
- utforske betydninga av service i sal av eit produkt
- gjennomføre ei marknadsundersøking og anvende innhenta data
- utvikle og presentere ein enkel forretningsplan og vurdere han i et berekraftsperspektiv

- utvikle eit produktforslag og presentere korleis det er lagt vekt på miljø, klima og etikk
- planleggje og vurdere ein marknadsføringskampanje til ei bestemd målgruppe
- utforme indre og ytre salsmiljø og vurdere tiltak som kan fremje sal, meirsal og gjensal
- gjere greie for kjøpsprosessen og tilpasse sal av produkt til behova til kunden
- presentere merkevarebygging i ei verksemd og gjere greie for ulike strategiar
- reflektere over betydninga av kvalitet i klage- og reklamasjonsbehandling

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i marknadsføring og innovasjon når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om korleis dei utviklar seg i marknadsføring og innovasjon. Elevane skal få høve til å uttrykke kva dei opplever at dei får til, og til å reflektere over eiga faglege utvikling. Læraren skal rettleie eleven om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at eleven kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvrdering

Standpunktarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i marknadsføring og innovasjon når opplæringa i programfaget er avslutta. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis elevane viser at dei forstår, evna deira til refleksjon og kritisk tenking og korleis dei meistarar utfordringar og løyser oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Læraren skal setje karakter i marknadsføring og innovasjon basert på kompetansen eleven viser gjennom å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere faglege oppgåver.

Kompetansemål og vurdering kultur og kommunikasjon (159 årstimar)

Kompetansemål etter kultur og kommunikasjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- reflektere over korleis kultur, verdiar og haldningar påverkar kommunikasjon mellom menneske, og ta omsyn til dette i møte med kundar og gjester
- utforske betydninga av yrkesetikk og bedriftskultur innanfor sal og reiseliv
- reflektere over etiske dilemma som kan oppstå i ein arbeidssituasjon
- utforske ulike kommunikasjonskanalar og kommunisere munnleg og skriftleg med ulike målgrupper
- skape opplevingar og formidle forteljingar om norsk og samisk kultur
- beskrive og vurdere betydninga av vertskapsrolla for ulike reiselivsaktivitetar
- planleggje, gjennomføre og avslutte eit sal og vurdere salsprosessen
- planleggje, gjennomføre og vurdere eit arrangement for kundar og gjester
- utarbeide ein plan for nettverkssamarbeid og gjennomføre nettverksaktivitetar
- utvikle ein førstehjelpsinstruks, vurdere tiltak i konflikt- og nødsituasjonar og utføre grunnleggjande førstehjelp

- presentere system for å følgje opp kundar i servicearbeid og beskrive korleis systema kan brukast til sal, meirsal og gjensal av produkter

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i kultur og kommunikasjon når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om korleis dei utviklar seg i kultur og kommunikasjon. Elevane skal få høve til å uttrykke kva dei opplever at dei får til, og til å reflektere over eiga faglege utvikling. Læraren skal rettleie eleven om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at eleven kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunktkarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i kultur og kommunikasjon når opplæringa i programfaget er avslutta. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis elevane viser at dei forstår, evna deira til refleksjon og kritisk tenking og korleis dei meistarar utfordringar og løyser oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Læraren skal setje karakter i kultur og kommunikasjon basert på kompetansen eleven viser gjennom å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere faglege oppgåver.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Næring og utvikling: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Marknadsføring og innovasjon: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Kultur og kommunikasjon: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Eksamen for elever

Programfaga næring og utvikling, marknadsføring og innovasjon og kultur og kommunikasjon: Eleven skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen, der dei felles programfaga inngår. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Eksamen for privatistar

Næring og utvikling: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Marknadsføring og innovasjon: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Kultur og kommunikasjon: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Programfaga næring og utvikling, marknadsføring og innovasjon og kultur og kommunikasjon: Privatisten skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Er læreplanen tilstrekkeleg framtidsretta og relevant for behova i arbeidslivet?

✕ Nei

Kommentar

Som yrkesfag bør de fleste målene være praktisk rettet for å ha fokus på utøvelse av yrke. Slik det er nå passiviseres UDIR elevene og umuliggjør dybdelæring, som ironisk nok er UDIR's hovedfokus. Elev aktivitet er, og må være helt sentralt i en yrkesfaglig opplæring.

Er sentrale verdier synleggjorde i læreplanen på ein god og relevant måte?

✕ Nei

Kommentar

De sentrale verdien hørs flott ut, men det gjenspeiles ikke i læreplanmålene. De representerer ikke handlekraft og utøvelse av yrket.

Beskriv kjerneelementa det mest sentrale innhaldet elevane skal lære i programfaga?

✓ Ja

Ingen kommentar frå instansen

Er dei utvalde tverrfaglege temaa ein sentral del av det faglege innhaldet i programfaga?

✕ Nei

Kommentar

Hvor ble det av demokrati og medborgerskap?

Demokrati og medborgerskap er sentralt i sikkerhetsarbeid.

Er dei utvalde grunnleggjande ferdigheitene integrerte i læreplanen på ein god måte?

✕ Nei

Kommentar

Digitale ferdigheter handler ikke om å kunne følge regler og normer, det håndteres av lovverket

Tek kompetansemåla i vare det viktigaste elevane skal ha lært etter Vg2?

✕ Nei

Kommentar

Det som står per i dag dekker etter min mening ikke det viktigste eleven skal ha lært etter Vg2. Læreplanmålene bør som nevnt ha mer fokus på yrket. Elevene skal være trygge fagarbeidere. Vg1 og Vg2 kompetansemål bør kobles bedre sammen, slik at det gir inntrykk av å være en god progresjon i faget. Slik det er nå har fagene ulike navn og det fremstår som to ulike fag.

Legg kompetansemåla til rette for lokal tilpassing?

Veit ikkje

Ingen kommentar frå instansen

Legg kompetansemåla til rette for ein god progresjon?

✕ Nei

Kommentar

Viser til kommentarer over

Legg læreplanen til rette for samisk innhald?

Den samiske kulturarven er ein del av kulturarven i Noreg, og gjennom opplæringa skal elevane få innsikt i historia, kulturen, samfunnslivet og rettane til det samiske urfolket. Elevane skal lære om mangfald og variasjon innanfor samisk kultur og samfunnsliv.

✕ Nei

Ingen kommentar frå instansen

Har læreplanen eit realistisk omfang ut frå årstimetalet?

Veit ikkje

Kommentar

Fagene har ulike fordeling av kompetansemål uavhengig av årstimetalet

Fungerer tekstene om undervegs- og standpunktvurdering godt som ei støtte for læraren i vurderingsarbeidet?

✕ Nei

Kommentar

- Teksten i utkastet er like generell som ordlyden i forskrift til opplæringsloven, kapittel3 (vurderingsforskriften). Den er derfor til liten støtte i vurderingsarbeidet
- Det bør være nasjonalgitte vurderingskriterier for å sikre samme kompetanse. Elevene må vurderes likt over hele landet. Spesielt viktig når læreplanmålene har blitt "rundere"

Er det ein god samanheng mellom tekstane i «Om faget» og innhaldet i kompetansemåla?

✕ Nei

Kommentar

Viser til kommentarer over

Er språket i læreplanen klart og tydeleg?

✕ Nei

Kommentar

Det er viktig å konkretisere innholdet og bruke en ordlyd som målgruppen, som er ungdommer, forstår. Det brukes så store ord og svulmende formuleringer, at jeg som lærer er utrygg på om jeg forstår det godt nok til å ha en adekvat undervisning. Hva menes for eksempel med at eleven skal utforske. Meningen og innholdet i begrepet utforske må konkretiseres. Burde utforske være en del av fagets grunnleggende ferdighet?

Viser for øvrig til kommentarer over.

Vg2 sal og reiseliv er ein arbeidstittel og er foreslått som endeleg namn på programområdet. Namnet på eit programområde skal skildre innhaldet. Vidare skal namnet kommunisere godt til både elevar og arbeidsliv. Støtter du forslaget?

✕ Nei

Kommentar

Det er feil og kalle faget reiseliv. Reiseliv bør ikke inngå som navnet på programområdet. Reiseliv dreier seg for det meste om servicearbeid. Det avviker heller ikke fra annet servicearbeid. For å skildre innholdet i programområdet og kommunisere godt både til elever og arbeidsliv, bør faget hete **salg og service**

